



## **Retningslinjer for å arrangere lokale samlingar**

### **Struktur :**

- Det skal haldast to heildagssamlingar i kvar lokalgruppe kvart år, vår og haust.
- Samlingane er obligatoriske for alle ressursjukepleiarane.
- Samlingane skal rullere mellom kommunane etter liste.
- Stad og dato for neste samling skal avtalast i samlinga før.
- Det skal vere ressursjukepleiarar frå sjukehus (lokalsjukehusfunksjon) med i alle lokalgruppene.
- Representant(ar) frå driftsgruppa skal delta på lokalsamlingane.
- Innhald i samlingane:  
Del I - ressursjukepleiar sin rolle og funksjon skal vere i fokus. Tilbakemelding frå kommunane. Dele erfaringar og utveksle arbeidsreiskapar. Hjelp og støtte til å utføre og utvikle funksjonen som ressursjukepleiar.  
Del II - fagleg påfyll primært i tråd med KLB sin kompetanseplan.

### **Oppgåver til lokalgruppeansvarleg (medlem av driftsgruppa) og ressursjukepleiarane i vertskommune:**

- Leiar i driftsgruppa samarbeider med driftsgruppa i å utarbeide program til lokalgruppesamling. Programmet vert så sendt til dei fire lokalgruppeansvarlege.
- Lokalgruppeansvarleg i samarbeid med ressursjukepleiarar sender innkalling med program. Mal for innkalling ligg på nettsida til nettverket vårt på KLB. Utsending via e-post etter adresseliste på same nettstad.
- Ressursjukepleiar i samarbeid med lokalgruppeansvarleg purrar dei som ikkje har gjeve tilbakemelding.
- Ressursjukepleiar inviterar sine leiarar til å delta på samlinga og helsepersonell i kommunen til del II (fagleg påfyll).
- Ressursjukepleiar ordnar med lokale og utstyr.
- Ressursjukepleiar leiar samlinga.
- Ressursjukepleiar serverar enkel lunsj.
- Vertskommunen dekkar alle utgiftene.
- Ressursjukepleiar eller lokalgruppeansvarleg skriv kort referat til ressursjukepleiarane i gruppa og leiar i driftsgruppa. Mal for referat ligg på nettsidene til nettverket på KLB. Kvar ressursjukepleiar er ansvarleg for å sende referat til sin leiar.
- Til stades/fråvær skal registrerast i referatet
- Lokalgruppeansvarleg kontaktar ressursjukepleiar ved ikkje varsla fråvær. Lokalgruppeansvarleg tek då primært kontakt med den aktuelle ressursjukepleiar. Dersom ein ikkje får kontakt med ressursjukepleiar tek ein kontakt med nærmaste leiar.
- Lokalgruppeansvarleg har med kopi av namneliste for ressursjukepleiarar frå KLB sin nettside til lokalgruppesamlinga, for oppdatering og avkryssing av møtt/ikkje møtt.